

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 17. juni 2011  
Møtestad: Norddal Rådhus kl 11.00

Møtet vart leia av: Arne Sandnes

Elles til stades: Randi Tafjord

= 2 voterande

Signe Brenna og Frank Iversen hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/11  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 3. NOVEMBER 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 3. november 2010 blir godkjent

**SAK 02/11  
ÅRSMELDING 2010 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 14.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Norddal kommune til orientering.

**SAK 03/11  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 14.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

**SAK 04/11**

**REKNESKAP 2010– NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF**

Innstilling datert 14.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Norddal eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

**SAK 05/11**

**VEDK. SAK 28.10, NOTAT OM UTBYGGING AV FJØRÅ VASSVERK – NYE  
OPPLYSNINGAR**

Saksdokument og innstilling datert 14.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

På bakgrunn av dei opplysningane som kjem fram i siste brevet frå Kåre Nerhagen blir det sett i verk ei nærare undersøking av kommunen si rolle og saksbehandling. Oppdraget blir gitt til kommunerevisjonen.

Arne Sandnes  
leiar  
(sign.)

Randi Tafjord  
varamedlem  
(sign.)